

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth  
Avdeling: Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/517-4

---

## Evaluering av Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Førdefestivalen er i dag ein kulturinstitusjon med sterk forankring lokalt og regionalt og med klare overføringsverdiar. Knutepunktinstituttet har gjort dette mogeleg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune konkluderer med at Førdefestivalen på ein god måte oppfyller kriteria for knutepunkt. Førdefestivalen har nasjonal og internasjonal relevans og festivalen sitt tilbud bør vidareførast som eit knutepunkt.
3. Evaluering av Førdefestivalen, jf. vedlegg 1 vert tatt til vitande og vert sendt Kulturdepartementet som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel i evalueringa av festivalen.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Kulturdepartementet invitere tilskotspartane til systematisk dialog om finansiering, prioritering og vidareutvikling av festivalen.

### Vedlegg:

1. Evaluering av Førde internasjonale folkemusikkfestival. Måloppnåing som knutepunkt.
2. Eigenevaluering, Førdefestivalen.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. St.meld. nr 10 (2007-2008) «Knutepunkt».
  2. Brev frå Kulturdepartementet av 03.12.13
- 

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn

Kulturdepartementet har invitert tilskotspartane til å gi ei vurdering av måloppnåing for knutepunktinstitusjonen Førde internasjonale folkemusikkfestival (Førdefestivalen) med utgangspunkt i knutepunktkriteria.

Fylkesrådmann Tore Eriksen er vurdert ugild i saka grunna svogerskap med dagleg leiar i Førdefestivalen, Hilde Bjørkum. Grunngevinga er m.a. tufta på at uttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein sentral premiss for Kulturdepartementet si avgjerd i saka, og at dersom Kulturdepartementet fråtek Førdefestivalen knutepunktstatusen, vil avgjerda kunne «*innebære særleg ... tap eller ulempe*» for ein av hans nærståande, jf forvaltningslova §6.

Rådmannen i Sogndal, Jostein Aanestad, er settefylkesrådmann i denne saka.

Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd ei sams evaluering. Evalueringa er gjennomført av eigne fagmedarbeidarar i Førde kommune/fylkeskommunen, på oppdrag frå rådmann/fylkesrådmann.

Bakgrunnen for evalueringa er St.meld. nr 10 (2007-2008) «Knutepunkt» der ein gir ei rimeleg detaljert oversikt over kva som vert forventta av ein knutepunktinstitusjon.

Kriteria som vert vurdert for måloppnåing i kap. 4. er:

- Forankring til stad
- Festivalaktivitet kvart år
- Kunstnarleg leiande
- Koordinering og samarbeid
- Nasjonal og internasjonal orientering
- Nyskapande og utviklingsorientert
- Publikumsutvikling
- God ressursutnytting
- Regional medverknad

## **2. Vurdering og konsekvensar**

Evalueringa viser at Førdefestivalen etter fylkesrådmannen si vurdering løyser sitt samfunnsoppdrag godt og har arbeidd godt med utvikling av organisasjonen og festivalen over lang tid. Festivalen har ei svært god måloppnåing på dei fastsette kriteria.

### *2.1 Fylkeskommunen som eigar/tilskotsgivar*

Fylkeskommunen er opptatt av å ha ein god styringsdialog med festivalen gjennom styrepresentasjon og gjennom dei årlege tilskotsbrevva. Med fylkeskommunalt tilskot følgjer det også forventningar om at Førdefestivalen skal legge vekt på å imøtekomme regionale forventningar. I løyvingsbrevet for 2014 er dette m.a. uttrykt slik: *«Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes må fylkeskommunen også peike på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:*

- *Strategiar for å nå barn og unge*
- *Vere synlege og til stades i store deler av/ heile fylket*
- *Kompetansebase for andre aktørar*
- *Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet*
- *Publikumsarbeid (tiltak for å gjere seg kjend med kven publikum er, kor nøgde dei er med tilboda, kven ein ev. ikkje når, korleis nå nye publikumsgrupper, osv.)»*

Etter fylkesrådmannen si vurdering svarar Førdefestivalen godt i evalueringa også innan våre prioriterte område. Festivalen må utfordrast til å halde oppe nivået og vidareutvikle festivalen til enda høgre nivå. Fylkeskommunen vil også utfordre Førdefestivalen til å invitere tilskotsgivarane til å vere med på å sjå fram i tid og legge ein strategi for vidare utvikling av festivalen.

### *2.2 Finansiering av knutepunktinstitusjonane*

Staten, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inngjekk avtale om finansiering av Førdefestivalen 02. juni 2005. Denne vert vidareført inntil ein av partane seier den opp. Her vert det skissert ei tilskotsfordeling på hhv 60 % stat, 30 % fylkeskommune og 10 % kommune.

I § 4 i avtalen seier ein at «*Ved fastsetjing av driftstilskotet til den einskilde institusjonen i det årlege budsjettframlegget, skal tilskottspartane ta utgangspunkt i eit samla tilskotsgrunnlag som dei er samde om på førehand.*» I § 5 heiter det at «*Dersom ein av partane aukar tilskottet sitt utover det som er avtalt, legg ikkje dette noka plikt til ein tilsvarande auke på den andre eller dei andre tilskottspartane.*»

Slik fylkesrådmannen opplever det, er det i dag ein manglande dialog frå staten med fylkeskommune/kommune før dei årlege budsjettframlegga om kva som er eit rimeleg tilskotsgrunnlag jf. § 4 i avtalen. Dette fører til at det er statsbudsjettet som er drivande for fylket og kommunen sin bruk av midlar på dette feltet. Fylkesrådmannen meiner at staten må syte for ein dialog med regionalt/lokalt nivå om prioriteringane t.d. mellom musikkfestivalar, teater, museum, eller i høve auke i tilskot til den enkelte aktør.

Fylkesrådmannen ser på knutepunktinstituttet slik det er i dag, som særns nyttig og ei viktig ordning for Førdefestivalen, jf. også kulturlova sine formuleringar om føreseielege vilkår for kulturlivet. I tillegg til ein føreseieleg økonomisk ordning gir knutepunktinstituttet festivalen ein status som nasjonal og internasjonal festival.

Førdefestivalen byggjer ein institusjonell kapasitet som er naudsynt for å bli ein av dei store festivalane. Den er eit godt døme på at gjennom å legge til rette for gode rammevilkår, er det ikkje stad, men kompetanse som er avgjerande for å byggje sterke og meningsberande kulturinstitusjonar. Lokalt og regionalt er òg dette viktig fordi kompetanse, nettverk og erfaringar vert tilført andre deler av kulturlivet. Derfor er knutepunktstatusen viktig for utviklinga av kulturtilbod i regionen.

Knutepunktordninga gir i tillegg ein langt meir føreseieleg situasjon enn om ein ikkje hadde den. Førdefestivalen er i dag ein kulturinstitusjon med sterk forankring lokalt og regionalt og med klare overføringsverdiar til kulturlivet. Knutepunktinstituttet har gjort dette moglege. Fylkesrådmannen føreset at dersom regjeringa skulle ønskje å endre på knutepunktinstituttet, vil dette først skje etter ein felles drøfting av alternative modellar, og der fylkeskommunen/kommunen også kan legge sine regionale/lokale føringar.

### **3. Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen konkluderer med at Førdefestivalen på ein svært god måte oppfyller kriteria for knutepunkt. Fylkeskommunen ser på det som ein ressurs å ha ein så gjennomgåande dyktig og solid festivalorganisasjon i eige fylke.

Evalueringa bringer ikkje mange problemstillingar og utfordringar til drøfting fordi festivalen etter fylkesrådmannen si mening gjennom 25 år har opparbeidd ein kompetent organisasjon og er ein kvalitetsfestival innan sin sjanger. Utfordringa vert difor å ikkje kvile på laurbæra, men å vidareutvikle festivalen til enda høgare nivå.

Førdefestivalen har nasjonal og internasjonal relevans og arbeidet bør vidareførast innan for knutepunktinstituttet.

Fylkesrådmannen føreset ein meir systematisk dialog mellom staten og fylkeskommune/kommune i høve årlege budsjettprioriteringar.